



Allmenne føresegner

Vigsling til prest, diakon, kateket og kantor

1. Biskopen i det bispedømet der vedkomande er tilsett, forrettar vigslinga. Med samtykke frå denne biskopen kan ein annan biskop stå for vigslingshandlinga.
2. Vigslinga vert lagt til domkyrkja eller den kyrkja som biskopen finn formålstenleg.
3. I god tid i førevegen skal biskopen ha ein samtale med den som skal vigslast.
4. Seinast sundagen føreåt skal vigslingshandlinga kunngjerast for kyrkjelyden, og ho skal takast med i forbøna.
5. Vigslinga skal helst leggjast til ein sundag.
6. Biskopen avgjer kven som skal gjera altarteneste og kven som skal preike. Biskopen peikar ut medliturgar til vigslinga.
7. Liturgisk farge er raud.

Vigsling av biskop

8. Biskopane i kyrkja vert vigsla av Preses i Bispemøtet.
9. Vigslinga vert lagd til domkyrkja i vedkomande bispedøme på den sundagen Preses fastset.
10. Til vigslingsgudstenesta vert den norske regenten innbeden. Elles bed ein inn kyrkjelege og offentlege styresmakter, representantar for bispedømerådet og sokneråda, for prestane og prostane og andre tenestegrupper i vedkomande bispedøme, og ein biskop frå kvar av dei nordiske systerkyrkjene, ein biskop frå Porvoo-fellesskapet og eventuelt representantar frå andre kyrkjer som Den norske kyrkja har økumeniske avtaler med.
11. Forrettande biskop peikar ut dei som skal assistera ved ledda 8 og 11 i gudstenesta. Ein av dei medverkande i ledd 11 skal være ein biskop frå Porvoo-fellesskapet.

12. Dersom den utnemnde biskopen ikkje tidlegare er vigsla til prest, må det gjerast før denne handlinga kan utførast.

Innsetjing av vigsla prester, diakonar, kateketar og kantorar

13. Alle som er vigsla til kyrkjeleg teneste, skal innsetjast i tenesta.
14. Prosten vert innsett av biskopen. Alle dei andre vigsla vert innsette av prosten eller den biskopen set til det.
15. Innsetjinga vert til vanleg lagd til ei hovudgudsteneste, helst i hovudkyrkja eller der vedkomande skal ha tenesta si. Institusjonsprestar vert innsette ved ei gudsteneste i kapellet institusjonen har, eller i eit anna høveleg lokale.

Framstilling med forbøn

16. Dei som tek imot tenestebrev når dei vert tilsette, og ikkje er vigsla, og alle som vert valde til kyrkjelege råd og ombod i soknet, kan framstillast for kyrkjelyden.

Personar med andre tenester kan framstillast etter avtale med soknepresten.

17. Det er til vanleg presten i kyrkjelyden eller leiaren i soknerådet som leier framstillinga, i ei hovudgudsteneste i den kyrkja som høver best.
18. Dersom den som skal framstillast, ikkje har motteke eit kyrkjeleg tenestebrev, skal vedkomande og presten/leiaren i soknerådet på førehand verta samde om ordlyden i det som skal lesast opp.